
Fra: Infoplan <infoplan@online.no>
Sendt: 28. september 2015 18:19
Til: Post Austrheim
Emne: Nye namn på bruer i kommunen

Brunamn

I ein annonse i "Strilen" blei det opplyst at kommunen var i ferd med å setje namn på ein del "namnlause" bruer. Ein av desse er brua over Bokkholmestraumen, på vegen nordover i Øyane. Denne brua skulle etter forslaget, heite *Bukkholmebrua*. (Eg blei beden av Helge Dyrkolbotn om å sende forslaget mitt, med grunngjeving til Servicekontoret.)

Eg vil fremme forslag om at namnet blir Bukkholmestraumbua – eller Bukkholmestraumenbrua, langt, men naudsynt.

Grunngjeving:

Omgrepet Bukkholmestraumen er kjent gjennom mange generasjonar. Det er **straumen** som er det kjende og sentrale, ikkje Bukkholmen. Bukkholmestraumen er ein velkjend og mykje brukt fiskeplass, både for båtfolk og for folk som fiskar frå land. Det finst parkeringsplassar på begge sider av brua. Ofte ser ein folk med fiskestang langs Bukkholmestraumen, på begge sider. I tillegg blir det og drive dykking der, og det er også ei fin, innaskjers padleløype nord- og sørover i kommunen. Det ville, etter mi vurdering, bli feil å "finne opp" eit nytt namn, når omgrepet Bukkholmestraumen er innarbeid, og gir god informasjonsverdi. Her er ein straum som er interessant for fiske og andre naturopplevingar. Det er straumen som her er sentral, ikkje Bukkholmen. (Det ville vere rart om Kilstraumbua skulle ha namnet Bakkøybrua eller Ulvøybrua. Straumen er også her det sentrale.)

Med venleg helsing

Terje Dyrnes